



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Brann, redning og feietenesta	Sigvald Kvinge
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 18/59
		Klassering:

Utvida feieteneste - Sal til Høyanger kommune

Masfjorden kommune inngår samarbeid om feiing og tilsyn med Høyanger kommune. Omfanget av salet skal avklarast med Høyanger kommune.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka har vore politisk handsama i formannskapet i Masfjorden før (014/2018), der FS ba om ei nærare utgreiing i saka før ein tok endeleg stilling til saka.

I etterkant har ein fått stadfesting frå dei andre deltakarkommunane om at dei ikkje har motførestillingar om sal av teneste, på vilkår av at dette ikkje medfører auka kostnader for dei fire kommunane som i dag er med i samarbeidet.

Feietenesta har også hatt ein gjennomgang av kapasitet og ser at det er rom for å selje teneste til Høyanger kommune med noverande bemanning, utan at det går ut over tenestetilbodet til kommunane som i dag samarbeider.

Fakta

Feietenesta for Gulen, Solund, Modalen og Masfjorden har i dag 2 feiarar tilsett. Etter ei vurdering ser ein at tenesta også kan selje feieteneste til Høyanger kommune, noko som vil styrke det økonomiske grunnlaget for tenesta.

Vurdering

Det er kapasitet i dagens teneste til å selje feie og tilsynsteneste til Høyanger kommune.

Konklusjon

Masfjorden kommune inngår samarbeid om feiing og tilsyn med Høyanger kommune. Omfanget av salet skal avklarast med Høyanger kommune.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost